

Kva synes du ven

Tone Sjaa no er det dag aa no er det tid

1) Kva synes du ven um stýrnaden no
gjeng det 'kje skralle aa smaatt
Nei da so ein saar er villigt aa gro
naar berre ein gjødsjar gott
sjaa rusdrykk aa stas forfengjeleg kram
aa alt det goda, so folk bera fram
ein gjødsjar so vel aa det veks aa gror
ein haustar krigar aa mord

2) Paa tilet no stend bussar byrge daa
programmer burt i det blaa
sprøyter drjuge ord, mot heri den graa
so vondt til aa høyra paa
so vesalt paa vit, so fatigt paa ljós
i ørska ein gjeng, ein veit ingjen kos
aa paa grunn det bær, aa illa ein fær
endaa kor byrg ein no er

3) Men viljen hans far so oppyver sit
den gjev ein 'kje gaum paa, nei
det klokaste er fyrst tyna sit vit
aa so fremja elsk aa tru
so lite av vit daa styre ein best
i Noa sit rus det gjekk 'kje so verst
forsvarast det skal um da kostar gull
de' vurd i aa væra full

4) Prestar aa lekmenn so byrge dei staar
umvend dykk du store hop
men vyrke dei er, for dei største saar
berre eit utanpaarop
lat væra dei rop um ein evleg daud
so lengje du sjølv ei ottast den naud
slik ei samfundssynd som rusdrykkjen er
aa den kan du leika med

5) Kom hermanner graa, me fylk os til strid
me rust' os sovidt so raa
me nøgde no er , aa erklæra krig
lat væra um me er faa
naar einug me stend, lyftar sannings sverd
handterar vort skjold, aa fana vor bær
i reinleik aa tru, so veit me forvist
at sigren vert vor tilsist

6) So hjelpe os Gud til aa vera tru
aa visa vor kjærleik varm
so gjenge me paa, baate eg aa du
aa ærleg lyftar vor arm
i gjerd aa med log, kan koma sovidt
at totalt me kan verta rusdrykkjen kvitt
me kan ikkje no berekna aa sjaa
baten me daa ville faa